

# Sogn og Fjordane Energi as - eigarvurdering

Den orienteringa vi no skal få frå selskapet omhandlar Sogn og Fjordane Energi AS og driftsåret 2016.

Heile vasskraftbransjen er inne i ein perioden prega av relativt låge kraftprisar og svake resultatforventningar. Sett i lys av dette leverer Sogn og Fjordane Energi AS eit godt resultat for 2016. Kraftprisen var 6,2 øre høgare<sup>1</sup> enn året før. Driftsåret 2016 var elles prega av ei relativt stabil drift utan store feil og hendingar.

Det er kalla inn til generalforsamling 26. juni.

Overskotet etter skatt vart på 189 mill. kr mot eit overskot på 113 mill. kr året før. Resultatet er eit av dei beste i SFE-konsernet si historie, og alle verksemdene leverer gode bidrag. Spesielt spelar høgare vasskraftproduksjon og høgare kraftprisar inn på resultatauken.

SFE har dei siste åra investert mykje i nettanlegg og har i mars 2017 gjort vedtak om utbygging av Østerbø kraftverk som representerer ei investering på i overkant av 400 mill. kroner for SFE.

Utbytepolitikken har vore at 70 % av morselskapet sitt resultatet vert avsett som utbytte. Pga. SFE sitt investeringsnivå reduserer styret utbytet for 2016 til 50 %. Styret tilrår derfor eit samla utbytte på 77 mill. kroner for 2016. Vår del av utbytet vil vere på vel 37 millionar kroner.

SFE har arbeidd fram fleire konsesjonar og søknader innan vasskraftproduksjon. Kapasitet under bygging eller godkjente konsesjonar utgjer rundt 210 GWh. Av dette er SFE sin eigardel 130 GWh. I tillegg er det søknader som er sendt eller under handsaming på rundt 220 GWh. SFE har gjennom Vestavind Kraft godkjente vindkraftkonsesjonar på om lag 130 MW. Samstundes er SFE inne i ein fase med store investeringar innan nettutvikling.

Nytt 420kV sentralnett mellom Ørskog og Sogndal vart spenningssett i desember 2016, og dette har gitt eit meir robust kraftsystem i fylket og kapasitet for meir produksjon.

Eigenkapitalsituasjonen er tilfredsstillande, men store investeringar mot 2021 gjer at styret meiner det er naudsynt å styrke selskapet sin balanse noko. Rentebærande gjeld, korrigert for konsernet sine bankinnskott, er på 1,9 milliardar, medan bokført eigenkapital er på 2,5 milliardar.

Pga. store investeringar dei komande åra, har styret vedteke å gjennomføre eigenkapitaltilførsel gjennom ein emisjon. Emisjonen rettar seg mot noverande eigarar. Dette er eit ledd i arbeidet med å oppretthalde selskapet sin soliditet og selskapet sine gode vilkår i lånemarknaden. Den framtidige utbytepolitikken kan bli påverka av storleiken på emisjonen.

Vi vil i denne tingseta handsame sak om denne emisjonen.

Selskapet vil no gje fylkestinget ei nærare orientering.

## **Men først litt om Sogn og Fjordane Holding as:**

Dette er vårt heileigde dotterselskap, som forvaltar eigarskapen i SFE. Holdingselskapet vart i sin tid skipa for å vere eit verktøy for å sikre at verdiane i SFE vert verande i fylket ved ein ev. regionreform.

Det vert no arbeid med å legge til rette for å føre verdiane i SFE ...

- *inn i det sokalla Sogn og Fjordane-fondet,*
- *over til kommunane i fylket, eller*
- *få til ein kombinasjon av dette.*

---

<sup>1</sup> Gjennomsnittleg systempris på kraftbørsen Nordpool

Fylkesrådmannen arbeidar no med å greie ut ulike løysingar. Det skjer ved ekstern hjelp og i tett dialog med SFE og den andre store eigaren; BKK. Fylkesutvalet vert orientert undervegs og det er venta sak til fylkestinget når dette arbeidet er slutført.

Samstundes ser dei tre partane på føremoner og ulemper ved å etablere felles juridiske einingar som dotterselskap i SFE, med delt ansvar; sokalla DA. Også her vert fylkesutalvet orientert undervegs.

Holdingselskapet er no omdanna etter same modell som for F1 Holding as, dvs. at styret berre har ein medlem; Hilmar Høl. I tillegg er den daglege leiinga ført over frå SFE til Vidsyn rådgivning as v/Jan Øhlckers.

Holdingselskapet har ikkje anna aktivitet enn å eige aksjane i SFE, innanfor dei rammene som ligg i fylkeskommunen sin eigarpolitikk. Denne aksjeoverføringa vart gjennomført no i vår, og då basert på fullmakt frå fylkestinget.